

## **Samordna opptak 2016: Talet på studentar som vel framandspråk aukar**

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa - Notat 5/2016

Samordna opptak har publisert søknadstala for studieåret 2016/2017.<sup>1</sup> 132 021 personar søkte høgare utdanning i 2016. Det er om lag 4 000 fleire søkjarar enn i 2015 og er ei auking på 3,2 %. Søkjartalet har stige jamt dei siste åra.

Som vanleg tuftar Framandspråksenteret sin statistikk på delen søkjarar som har framandspråk som fyrsteval. Talet inkluderer årsstudium, bachelorgradar og lektorutdanningar med framandspråk i fagkrinsen. Dei fleste språkstudia er ikkje reine språkstudium, men inneheld òg andre fag som til dømes områdestudium, historie, litteraturhistorie og liknande.

Ikkje alle språk er teke med i statistikken. Utvalet er basert på språka med høgst søkjartal over tid. Difor er språk som polsk, swahili, sanskrit, persisk, nederlandsk og fleire ikkje med i statistikken. Dei lokale opptaka, mellom anna til masterstudium er ikkje synlege i Samordna opptak sin statistikk og er heller ikkje teke med. Difor er tala i denne analysen truleg lågare enn dei verkelege tala. Det er difor ikkje mogleg å seie heilt eksakt kor mange studentar som vel framandspråk i Noreg i dag.

Det vi derimot kan sjå, er utviklinga over tid. Framandspråksenteret nyttar dei same utdanningane<sup>2</sup> i statistikken sin, og når vi ser på dei samla kan vi sjå ei gledeleg utvikling:


- Fleire vel framandspråk i høgare utdanning
- Dei aller fleste framandspråka veks i søkjartal
- Dei siste åra har talet på studieplassar i framandspråka vore i vekst, sjølv om talet kan variere frå år til år, spesielt i dei mindre underviste språka

---

<sup>1</sup> <http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2016/>

<sup>2</sup> Faga som er lagt til grunn for statistikken finnast sist i notatet


## Ei positiv utvikling



Tabell 1

Samstundes som talet på studentar aukar kvart år, aukar òg delen studentar som har eit framandspråk som fyrsteval. Dette talet er basert på utvalet av fag i Framandspråksenteret sin statistikk. På grunn av at fleire små språk og lokale opptak ikkje er teke med, er det verkelege talet difor truleg høgare, nærare 4 %. Ein kan likevel sjå ei gledeleg stiging.


## Fleire vel engelsk



Tabell 2

Engelsk er det største av språkfaga i høgare utdanning i Noreg og har vore det i lang tid. Engelsk er nesten tre gonger så stort som nummer to på lista, som er spansk. Engelsk er òg eit av språka som er i raskast vekst, både i prosenttal og i reine studenttal.

### Spansk er størst som i grunntdanninga, men fransk er meir populært enn tysk i høgare utdanning



Tabell 3

Spansk skil seg klart ut som det største av framandspråka. Mange av studieløpa med spansk inneheld òg latinamerikanske studium, og difor dekker faget eit breitt område. Spansk er òg det mest populære språket i grunntdanninga, og difor verker det naturleg at det òg er det største i høgare utdanning.

Når vi ser på nummer to på lista snur rollane seg derimot om: I grunntdanninga er fransk eit språk i nedgang, medan tysk er nesten like stor som spansk. I høgare utdanning er det derimot fransk som er det mest populære av dei to språka, slik vi kan sjå av tabell 3. Det som er felles for dei begge, er at nedgangen i søkjarar no ser ut til å ha stoppa. I staden stig dei begge, men tysk stig mykje meir enn fransk. Veksten for tysk ser vi òg i skulen i år.<sup>3</sup>

Dei tre største framandspråka i høgare utdanning er dei same som i skulen, men fordelinga med dei mindre språka er heilt annleis: I skulen står spansk, fransk og tysk for om lag 98 % av all framandspråkundervisinga, medan det er eit mykje meir balansert bilete når ein ser på høgare utdanning. Kvifor er det slik?

### Tradisjonelle framandspråk krev førekunnskap

Ei spesiell utfordring som dei «tradisjonelle» skulespråka har i Noreg i dag er at dei føreset ein høg grad av førekunnskap viss ein skal studere dei på universitet og høgskule. Med dei tradisjonelle språka meiner vi tysk, fransk og spansk, (men òg italiensk og fleire mindre underviste europeiske språk) som er akademiske språkstudium med fokus på lingvistikk og litteraturhistorie. Språk som

<sup>3</sup> Sjå Framandspråket sine notat om fagval i ungdomsskulen og vidaregåande 2015-2016 <http://www.fremmedspraksenteret.no/index.php?ID=13790>


russisk, kinesisk, japansk og arabisk er derimot reine nybyrjarstudium som ikkje føreset nokon førekunnskap.

For å starte på eit universitet- eller høgskulestudium i eit tradisjonelt språk bør ein difor ha eit solid grunnlag i språket. Vi trur at dei fleste studentane har minst nivå II frå vidaregåande, men vi kan ikkje sjå bort frå at nokre kan hende berre har nivå I eller mindre fordi dei fleste språkstudium er opne studium. Det aller sterkaste grunnlaget ein kan ha er derimot å ha teke nivå III, som er eit programfag siste året i vidaregåande skule.

Rekrutteringa til nivå III firedobla seg (frå 300 elevar i 2009 til 1200 elevar i 2014) i perioden under den såkalla Tiltaksplana til Framandspråksenteret (frå 2009 til 2014), men no ser vi at veksten har stagnert. Talet på elevar med nivå III er omtrent på same nivå som talet på studentar som vel framandspråk i høgare utdanning. Dei siste tre åra var det om lag 1250 elevar i vidaregåande skule som tok nivå III, nesten alle i spansk, tysk og fransk, og talet på søkjarar til desse språka ligg på om lag 1500 i 2016. Det kan sjå ut som om det finst ein samanheng her, men vi har ingen statistikk som kan stadfeste det.

Viss denne samanhengen finst, kan ein sterkare vekst i talet på elevar med nivå III føre til at fleire òg vel å fortsette med framandspråk ved universitet og høgskular.

Men vi ser òg at dei unge ofte vel andre framandspråk enn dei tradisjonelle skulespråka når dei byrjar høgare utdanning: Spørsmålet blir kvifor? Er det slik at elevar i skulen vel tysk, fransk eller spansk fordi skulen ikkje har kapasitet til å tilby andre språk?




Tabell 4

Italiensk (og i ei viss grad portugisisk) er òg fag som føreset gode førekunnskapar og italiensk har fire gonger fleire elevar i vidaregåande enn søkjarar til studiet i 2016/2017. Det same gjeld òg for samisk og delvis i gresk, latin og klassiske fag.

Portugisisk opplevde en topp i søkjartal 2014, men dei to siste åra har talet på søkjarar gått ned. Nedgangen for dei klassiske språka<sup>4</sup> er no stoppa, og vi ser igjen ein liten oppgang.

### Japansk er det mest populære ikkje-europeiske språket



Tabell 5


Ikkje-europeiske språk og teiknspråk er dei største av dei «utradisjonelle» språka. Vi kan sjå at teiknspråk og teiknspråktolkeutdanning har vore eit populært fagval dei fem siste åra.

Dei ikkje-europeiske språka vert alle underviste på nybyrjarnivå, og er dermed opne for alle som ynskjer og er interesserte. Det er interessant å merke seg den høge populariteten til japansk. Japansk er eit lite undervist språk i grunnutdanninga i Noreg og vert berre tilbydd på tre vidaregåande skular i heile landet. Trass i ein liten nedgang i år er japansk fortsatt det mest populære ikkje-europeiske språket i høgare utdanning. I mange år har japansk til og med hatt fleire søkjarar enn tysk. Men òg andre språk som arabisk og russisk opplever for tida ei auking i talet på søkjarar.

Kinesisk er eit framandspråk i sterk vekst i grunnutdanninga, medan talet på søkjarar på universitetsnivå går jamt nedover. Kinesisk vert undervist på universiteta i Bergen og Oslo. Universitetet i Bergen tilbyr berre kinesisk annakvart år, men det forklarar likevel ikkje nedgangen vi kan sjå over tid.

<sup>4</sup> Gresk, latin og klassiske fag vert rekna som eitt fag i dette notatet. Det er òg eit eget fag med si eiga læreplan i grunnutdanninga. Sjå statistikk nedst.


## Auking i talet på studieplassar har stoppa opp



Tabell 6

Dette notatet har hatt fokus på talet studentar som har framandspråk som fyrsteval. Den auken i talet på studieplassar som vi så frå 2013 til 2015, har diverre stoppa opp i år. Den veksten som var, gjaldt fyrst og fremst engelsk, fransk, spansk og tysk. For dei mindre underviste språka er situasjonen meir eller mindre stabil. Statistikken som har vore nytta i dette notatet kan du lese under.

Øystein N. Øksenvåg  
Rådgjevar for austasiatiske språk og språkval  
Halden, mai 2016



## Engelsk

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søkjjarar	Forhold
Universitetet i Oslo	Engelsk, årsstudium	55	297	5.4
Høgskulen i Sørøst-Norge, studie i Telemark	Engelsk, deltid	50	202	4.0
Universitetet i Agder	Lektorutdanning med engelsk i første studieår	10	36	3.6
Høgskulen i Volda	Engelsk, deltid	5	18	3.6
Høgskulen i Sørøst-Norge, studie i Buskerud og Vestfold	Engelsk, årsstudium	10	34	3.4
Universitetet i Oslo	Lektorprogrammet, engelsk	40	114	2.8
Universitetet i Bergen	Engelsk, årsstudium	22	59	2.7
Høgskulen i Oslo og Akershus	Grunnskolelærerutdanning 5.-10. trinn - engelsk	53	123	2.3
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/engelsk	45	102	2.3
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Engelsk, årsstudium	55	120	2.2
Universitetet i Stavanger	Engelsk	60	123	2.0
Universitetet i Agder	Oversetting og interkulturell komm., engelsk	25	49	2.0
Universitetet i Oslo	Engelsk, bachelor	88	151	1.7
Høgskulen i Bergen	Grunnskolelærer 1.-7. trinn med engelsk	36	59	1.6
Universitetet i Stavanger	Engelsk språk og litteratur	20	31	1.5

Høgskulen i Volda	Engelsk	25	36	1.4
Høgskulen i Østfold	Engelsk	45	64	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, engelsk	30	42	1.4
Høgskulen i Hedmark	Engelsk	25	35	1.4
Nord universitet	Engelsk, årsstudium	20	28	1.4
Universitetet i Agder	Engelsk, årsstudium	65	90	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Engelsk, bachelor	55	74	1.3
Nord universitet	Engelsk for 5.-10. trinn	15	19	1.3
Universitetet i Bergen	Engelsk, bachelor	70	75	1.1
Nord universitet	Engelsk, bachelor	20	19	0.9
Høgskulen i Sogn og Fjordane	Engelsk	25	22	0.9
UiT Norges arktiske universitet	Engelsk	50	43	0.9
Høgskulen Stord/Haugesund	Engelsk	20	17	0.8
Universitetet i Agder	Engelsk, bachelor	40	31	0.8
Høgskulen i Sørøst-Norge, studie i Telemark	Engelsk	40	24	0.6
Høgskulen i Sørøst-Norge, studie i Buskerud og Vestfold	Engelsk, bachelor	15	6	0.4

## Tysk

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søkjarar	Forhold
Høgskulen i Østfold	Tysk	45	127	2.8
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/tysk	5	13	2.6
Universitetet i Bergen	Tysk, årsstudium	8	15	1.9
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tysk, bachelor	5	8	1.6
Universitetet i Oslo	Tysk, årsstudium	45	56	1.2
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tysk, årsstudium	20	22	1.1
Universitetet i Oslo	Tysk, bachelor	17	15	0.9
Universitetet i Bergen	Tysk, bachelor	10	8	0.8
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, tysk	8	6	0.7
Universitetet i Agder	Tysk	30	14	0.5



## Uspesifikke lektorprogram

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søkjarar	Forhold
Universitetet i Agder	Lektorutdanning med fremmedspråk i første studieår	10	6	0.6
Universitetet i Oslo	Lektorprogrammet, fremmedspråk	25	54	2.2
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i engelsk, fransk eller tysk	32	72	2.2

## Fransk

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søkjarar	Forhold
Universitetet i Oslo	Fransk, årsstudium	35	123	3.5
Universitetet i Bergen	Fransk, årsstudium	8	20	2.5
Høgskulen i Østfold	Fransk	45	74	1.6
Universitetet i Bergen	Fransk, bachelor	17	24	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk, årsstudium	20	26	1.3
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/fransk	7	9	1.3
Universitetet i Oslo	Fransk, bachelor	35	33	0.9
Universitetet i Agder	Fransk	20	13	0.6
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, fransk	8	4	0.5
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk, bachelor	10	2	0.2

## Spansk

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søkjarar	Forhold
Høgskulen i Østfold	Spansk	45	168	3.7
Universitetet i Oslo	Spansk, årsstudium	52	120	2.3
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Spansk, bachelor	10	19	1.9
Universitetet i Oslo	Spansk, bachelor	28	48	1.7
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Spansk, årsstudium	30	50	1.7
Universitetet i Bergen	Spansk språk og latinamerikastudier, årsstudium	20	27	1.3
Universitetet i Agder	Spansk	20	26	1.3
Universitetet i Bergen	Spansk språk og latinamerikastudier, bachelor	40	46	1.1

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, spansk	15	14	0.9
Høgskulen i Sørøst-Norge, studie i Telemark	Spansk	90	69	0.8

### Andre språk

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søklarar	Forhold
Sámi allaskuvla / Sámi University College	Samisk grunnskolelærerutdanning 1.-7.	12	9	0.7
UiT Norges arktiske universitet	Nordsamisk som fremmedspråk	10	29	2.9
Sámi allaskuvla / Sámi University College	Samisk grunnskolelærerutdanning 5.-10.	12	5	0.4
Høgskulen i Oslo og Akershus	Tegnspråk	25	111	4.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tegnspråk	20	73	3.6
Høgskulen i Oslo og Akershus	Tegnspråk og tolking	25	63	2.5
Høgskulen i Bergen	Tegnspråk og tolking	24	34	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tegnspråk og tolking	25	34	1.4
Universitetet i Bergen	Russisk	18	28	1.6
Universitetet i Oslo	Russisk, bachelor	25	58	2.3
Universitetet i Oslo	Russisk, årsstudium	50	68	1.4
Universitetet i Oslo	Italiensk, bachelor	15	19	1.3
Universitetet i Oslo	Italiensk, årsstudium	30	77	2.6
Universitetet i Bergen	Italiensk	8	15	1.9
Universitetet i Oslo	Portugisisk	15	16	1.1
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Antikkens kultur og klassiske fag	10	6	0.6
Universitetet i Oslo	Antikkens kultur	14	20	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Latin	5	12	2.4
Universitetet i Oslo	Klassiske språk	13	9	0.7
Universitetet i Oslo	Japansk med Japan-studie	60	137	2.3
Universitetet i Bergen	Japansk	38	67	1.8
Universitetet i Oslo	Kinesisk med Kina-studie	60	59	1.0
Universitetet i Oslo	Midtøsten-studie med arabisk	55	161	2.9
Universitetet i Bergen	Arabisk	10	22	2.2
UiT Norges arktiske universitet	Russlandsstudier	10	15	1.5

Tala under er henta frå Samordana opptak og Framandspråksenteret sine tidlegare notat om språkval. Sjå <http://www.fremmedspraksenteret.no/index.php?ID=13790> for fleire notat:

Søkjarar/plassar	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Engelsk	2143/1134	1908/1095	1781/1112	1739/1013	1742	1622	1481
Tysk	284/193	192/182	234/172	224/155	204	191	145
Fransk	328/205	281/205	300/193	315/182	340	310	267
Spansk	587/350	529/293	466/259	420/256	441	505	452
Lektorprogram med framandspråk	126/67 <sup>5</sup>	192/107	206/107	172/83	<sup>6</sup>		
Samisk	43/32	12/40	45/34	21/44	10/12		
Teiknspråk	315/119	231/141	265/119	241/126	289/106		
Russisk	169/103	134/108	121/88	97/95	114/73		
Italiensk	111/53	97/55	106/48	48/40	50/40		
Portugisisk	16/15	42/23	62/23	27/15	34/15		
Antikk, kultur og klassiske språk (gresk, latin)	47/32	39/40	59/68	81/60	62/57		
Japansk	204/98	223/100	209/85	194/85	193/90		
Kinesisk	59/60 <sup>7</sup>	106/80	89/60	144/80	121/50	124/50	
Arabisk	183/65	147/60	135/58	147/60	129/60		
Studieplassar	2526	2529	2426	2294			
Søkjarar totalt	132 021	127 929	119 900	117 200	115 800		
Søkjarar til framandspråk	4615	4270	4078	3870	3667		
Prosentdel som søker framandspråk	3,50 %	3,34 %	3,40 %	3,30 %	3,17 %		

<sup>5</sup> Lektorprogrammet i framandspråk på UiO har blitt delt i to: Med engelsk og med framandspråk

<sup>6</sup> Lektorutdanninga er her inkludert i språka

<sup>7</sup> Studentar vert ikkje teke opp til studieprogrammet i kinesisk i 2016. Neste opptak til programmet er 2017.